



Illustrasjon: Grete Sømmer

### Slik kan du hjelpe barnet ditt

Det viktigaste er å lindre ubehaget til barnet medan kroppen sjølv tar hand om infeksjonen.

- Gje slimløysande middel om barnet er plaga av seigt slim.
- Gje rikeleg med drikke.
- Ved kraftige hosterier bør barnet takast opp av senga slik at slim ikkje gjer det vanskeleg for barnet å puste.

Oppsøk lege på nytt om barnet verkar svært medtatt, får høg feber, har vondt for å puste eller pusten er veldig rask.

### Antibiotikabruk hos barn

Antibiotika er viktige og effektive medisinar i behandling av infeksjonar som skuldast bakteriar. Uriktig bruk av antibiotika kan føre til utvikling av resistente bakteriar. Det vil seie at antibiotikabehandling ikkje lenger har effekt på desse bakteriane.

### Kva betyr antibiotikaresistens for behandling av alminnelege luftvegsinfeksjonar hos barn?

Antibiotikaresistente bakteriar er eit aukande problem. Utanfor sjukehus blir det brukt mykje antibiotika til behandling av luftvegsinfeksjonar, spesielt hos barn. For å behalde antibiotika som effektive medisinar, er det viktig å avgrense feilaktig bruk av antibiotika i behandling av slike infeksjonar.

Er du i tvil om barnet ditt har ein infeksjon som må behandlast med antibiotika eller andre legemiddel, skal du ta kontakt med lege. Legen vil også bidra med råd om korleis du best kan lindre plagene til barnet til infeksjonen går over.

### Antibiotika verkar ikkje på virus

Antibiotika verkar ikkje på virus. Virus er årsaka til dei aller fleste halsbetennelsar, øyrebetennelsar og biholebetennelsar og alle forkjølingar. Kroppen kjempar normalt mot slike virusinfeksjonar på eiga hand. Antibiotika har inga effekt på virus og fører heller ikkje til lindring av plagene til barnet.

Også mange bakterielle infeksjonar går over av seg sjølve utan bruk av antibiotika. Ved dei fleste infeksjonar er det tilrådd å sjå situasjonen an i 2-3 dagar.

### Når antibiotika er nødvendig

Når legen har vurdert at barnet har ein infeksjon som må få behandling med antibiotika, er det viktig at heile kuren blir gjennomført slik legen har bestemt. Om barnet ikkje fullfører antibiotikakuren, vil berre nokre av bakteriane bli utrydja. Dei meir motstandsdyktige vil kunne overleve, formeire seg og bli fleire.

### Kva er bronkitt?

Bronkitt skuldast som regel virus. Det mest vanlege symptomet er hoste natt og dag. Hosten forverrar seg ved påkjenning og somme barn kan hoste til dei brekker seg. Barnet kan vere tungpusta og ha sårheit i brystet som blir forverra av hosten. Pipelydar kan høyrast over lungene og blodtilblanda eller gult/grønt slim er vanleg etter sjukdom i meir enn ei veke.

### Er behandling med antibiotika nødvendig?

Bronkitt er plagsamt, men hos dei aller fleste går sjukdomen over av seg sjølv.

Antibiotikabehandling hjelper ikkje på plagene ved bronkitt og gjer ikkje barnet fortare friskt. I tillegg kan antibiotika gje ekstra plagar for det sjuke barnet, til dømes diaré og oppkast. Om barnet har tungt for å puste, kan du diskutere med legen om det er aktuelt med medisinar som hjelper mot dette.